

**Statsbudsjettet 2016 Kap 1429 Post 70 – Bevaringsprogram  
for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK)**

Rapportering 2016  
Hordaland fylkeskommune

## Innhold

Munketrepene, Ullensvang herad	del av ID 108377.....	3
Fosnstraumen, Austrheim kommune og Radøy kommune	Fleire ID-nr .....	7
Hæreidsmoen, Eidfjord kommune	ID 110228 .....	9
Vindenes, Fjell kommune	ID 64065 m.fl .....	12
Hystadmarkjo, Stord kommune	ID 35508 m.fl .....	14
Sokkamyro, Bømlo kommune	ID 66745 .....	17
Kulturminne på Rommetveit, Stord kommune	ID 15870 og ID 45542 .....	18
Bygdeborg på Tjørndalshaugen, Odda kommune	ID 101841 .....	20
Kongshaugen på Apold, Odda kommune	ID 101894.....	21
Årbakka, Tysnes kommune	ID 35534.....	22
Kulturminne i Leirvik, Meland kommune	ID 108033 m.fl.....	22
Bygdeborg på Børshovda, Sveio kommune	ID 106039 .....	23
Kulturminne på Istertveit, Sveio kommune	ID 106073 .....	23
Håkonshaugen, Lindås kommune	ID 66400 .....	24
Prosjekt som utgår .....	.....	25
Oppsummering.....	.....	26

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2014	Vegetasjonsarbeid (Munketreppene 1)	80.000,-	40.000,-	21.700,-	18.300,-
2015	Steinarbeid (Munketreppene 2)	1.985.000,-	300.000,-	0,-	300.000,-

Rest av tilskot 2014 er slått saman med tilskot tildelt 2015. Tilskotet er søkt videreført til 2016.

2016	Steinarbeid	1.985.000,-	318.300,-	318.300,-	0,00,-
------	-------------	-------------	-----------	-----------	--------

Tilskotet er utbetalt. Sluttrapport ligg vedlagt. Tilstand er oppdatert i Askeladden

I 2016 har arbeidet på Munketreppene fokusert på reparasjon av trapper, overgangane der stien er kryssa av traktorvegen, og reparasjon av parti der skrått terreng fører til at stien er smal og skrånande. Det er så freista å unngå å laga lange nye trapper, sjølv der einskilde steinar viser at det tidlegare har vore trapper men det er vanskeleg å vurdera omfanget. Det har likevel i dei fleste tilfelle synt seg å vera einaste løysingar for å få ein trygg stitrase. Det er då lagt vekt på å bryte opp trappene med flatare parti, og at trappa vart lagt skånsamt i terrenget og ikkje skil seg frå dei gamle trappene. I tillegg til at stien no er i betre og tryggare stand, ser ein at det nedste partiet av stien som var i ferd med å gro til, no er i mykje større bruk. Prosjektet er no ferdigstilt, og målet med prosjektet – at stien skulle koma attende til ei tilstand der den trygt kunne brukast som kløvveg – er nådd.

Fokuset på oppgradering av overgangane der den gamle stien vert kryssa av skogsvegen har ført til auke i bruken på dei delane av slepa som ligg lenger nede. Her gjekk folk før skogsvegen til endes, og kom inn på slepa derfrå. No er stien i større bruk. Reparasjonen av dette partiet har òg fokusert på å få løypa attende i den gamle, svingete traseen, heller enn dei bratte «snarvegane» som er komme dei siste åra. Ved å få stien attende i gammal trase har ein òg fått attende bruken av tradisjonelle stoppestader, til dømes ved ei vasskjelde som før prosjektet var attgrodd og ukjend for dei fleste som vitjar området.




Eitt av punkta der skogsvegen kryssar stien. Her var det før berre ei bratt og glatt jordskråning. Nye trapper her gjer at dette partiet av stien no er mykje meir brukt. Foto: HFK



Der dei gamle svingane i stien var i ferd med å forsvinna fordi det vart laga «snarvegar» som kutta svingane, er det lagt kvist og anna rask i den «nye» stien for å sperra for ferdsle, medan den reelle traseen er rydda for kvist og undervegetasjon slik at ferdsla vert styrt attende hit.

*Småtmømmer og kvist sperrar ein "snarveg" i den gamle stien, slik at folk no føl det gamle stifaret. Foto: HFK*




*Parti av stien som var mykje øydelagd av erosjon - før og etter restaurering. Foto: HFK*

Eit lengre parti var bratt jordskråning, der det var tydeleg at det tidlegare hadde vore trapper i noko grad ved at det låg einskilde steinar som hadde tydeleg slitasje. Det vart under arbeidet gjort freistingar på å ikkje lage trapp i heile partiet, men dette viste seg å vera uråd grunna stigninga. Det vart i stadenfor fokusert på å bryta opp trappa der dette var mogleg, og å legge den fint i terrenget.



Her er den gamle kløvstien rydda fram att. Den gamle stien delar seg her, med eit bratt løp opp ein knaus, og eit slakare løp som går rundt knausen. Foto: HFK

Der det har vore tvil om i kor stor grad eit område tidlegare har vore opparbeidd, har fokuset på HMS og tryggleiken for dei som skal gå der med hest vore ei viktig faktor for å avgjera kor mykje som skulle gjennomførast. Utan å gå på akkord med kulturminnet har ein søkt å gjera traseen trygg òg for folk og hestar som ikkje er så røynde med kløving. Einskilde stader er òg dei gamle svingane i løypa der hestar kunne gå utanom dei brattaste partia rydda fram att, slik at det finst ein trygg veg å gå for hestar medan «gåløypa» framleis føl det brattare partiet.



Restaurert parti av stien. Det er no mykje tryggare å ferdast i området både for kløvhest og folk. Foto: HFK

Skrånande parti der stien berre er slitt inn i sida på skråninga var eit av elementa som var naudsynt å ta tak i for å gjera stien trygg for kløvhest. Arbeidet bestod her primært i å krafsa vekk masse på innsida av stien for å gjera denne breiare og flytta den vekk frå kanten. For å letta vedlikehaldet og betra tryggleiken har Hordaland fylkeskommune gitt løyve til at det er lagt Stein i kanten av stien. Det er ikkje kjent kor vidt det tidlegare har vore gjort på denne måten, då stien i dei aktuelle partia var heilt øydelagd, men det vil letta vedlikehaldet vesentleg og betra tryggleiken.

### **Rekneskap og budsjett**

Sluttrekneskap Munketreppene		
Husleige	<b>19.000,-</b>	<b>Husleige sherpa</b>
Steinarbeid 2015	<b>217.924,-</b>	<b>498t x 430,-</b>
Steinarbeid 2016	<b>1.116.438,-</b>	<b>2422t x 460,-</b>
Transport	<b>30.000,-</b>	<b>Leige terrengbil</b>
Dugnad	<b>120.000,-</b>	<b>400t x 300,-</b>
forprosjekt	<b>33.667,-</b>	<b>Norconsult</b>
Diverse	<b>33.000,-</b>	<b>Diesel, bensin, GPS, dyner, kantslått</b>
Sum eks mva	<b>1.570.029,-</b>	
25% mva	<b>392.507,25,-</b>	
SUM utgifter	<b>1.962.536,25,-</b>	

Finansiering Munketreppene		
BARK 2014	<b>40.000,-</b>	
BARK 2015	<b>300.000,-</b>	
Tilskot til freda kulturminne	<b>150.000,-</b>	
Dugnad	<b>120.000,-</b>	
Sparebankstiftinga	<b>550.000,-</b>	<b>(50.000,- i 2014)</b>
GC Rieber fond	<b>25.000,-</b>	
Grunneigarane	<b>20.000,-</b>	
Gjensidigestiftinga	<b>490.000,-</b>	
«Bygdemidlar» PL Ull Handelslag	<b>58.000,-</b>	
Reiselivsverksemder	<b>107.500,-</b>	<b>Turistverksemndene på Lofthus</b>
Ålmennytige midlar SPV	<b>50.000,-</b>	
SUM finansiering	<b>1.910.500,-</b>	

Prosjektet er underbudsjettert med kr 52.036,25,-. Munketreppenes Vener har planar for å dekka dette underskotet. Hordaland fylkeskommune peikar elles på ein mindre feil i rekneskap i innsendt rapport. Hordaland fylkeskommune er her sett opp med midlar gjennom tilskotsordninga «Vern og vøl» med kr 150.000,-. Desse midla vart i realiteten tildelt gjennom tilskotsordninga «Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap».

### **Konklusjon**

Prosjektet er ferdigstilt, og tilskotet utbetalt. Sluttrapport er mottatt og oversendt Riksantikvaren.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2015	Skjøtsel, skilt,plan	220.000,-	110.000,-	0,-	110.000,-
2016					
<b>Tilskotet vert søkt videreført til 2017</b>					

Radøy og Austrheim kommunar fekk kr 110 000 i BARK-midlar til Fosnstraumen i 2015. Desse midlane skulle nyttast til mellom anna skjøtselsplan, opprusting av turstiar, fornying av informasjonsskilt og fjerning av skog i området. Opphavleg var planen å fornya informasjonsskilta, men elles halda tilrettelegginga som den var med same tal skilt som før. I 2016 søkte Radøy og Austrheim kommune om omdisponering av midlar innanfor budsjettet, der ein gjekk vekk frå planen om mange skilt. Prosjektet søkte om og fekk tildelt midlar gjennom ei anna tilskotsordning til å laga filmsnuttar, og ynskte difor å endra formidlinga til å gjelda to store og omfattande hovudskilt, og ha QR-kode med formidling langs resten av stien. Riksantikvaren gav løyve til denne omdisponeringa innanfor budsjettet.

## 2016 og vegne vidare

Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen gjennomført ei kontrollregistrering av kartfestinga til ein lokalitet i Austrheim kommune, Askeladden ID 36150. Denne lokaliteten var tydeleg feil kartfesta i Askeladden, og rett lokalisering var avgjerande i høve til tilrettelegging av området. I det same arbeidet vart det gjort ei kontrollregistrering av eit område som er aktuelt som formidlingsstad for å sikra at det ikkje var ukjende lokalitetar her.

Det skal setjast opp ei informasjonstavle med skråstilt skilt på Straume og ei på Austrheimsida. I tillegg vil det verte sett opp små informasjonsskilt langs stiane. Teksten til skilta er ferdig utarbeidd, og kommunane vil ferdigstilla illustrasjonar og layout i løpet av november. Skilta vert bestilt i løpet av 2016 og sett opp våren 2017.

Skjøtselsplanen er nesten ferdig, og vil verte ferdigstilt i 2017.

Turstiane på Straume skal oppgraderast våren 2017. På Ramsvikneset på Straume vil det nokre stader verta bygd trapper og lagt ut klopper, for slik å skåna terrenget. Elles vil stiane verte rydda for vegetasjon. På stien må Rapeneset på Straume må ein gå opp ein ny trasé for stien og rydda og merka denne.

Austrheim kommune har planar om å få bygd rampe ved inngangen til stien. Kommunen har kontakt med Asplan Viak som skal utarbeida planar for vidare tilrettelegging av denne delen av stien. Austrheim kommune har også kontakt med grunneigar av «formidlingsplassen» for å ta bort skog. Det vart gjennomført synfaring for prosjektering av rampa 1. november 2016.

Radøy kommune har fått på plass avtalar med grunneigarane. Statleg sikring av Ramsvikneset vert vurdert. I Austrheim er Bergen og omland friluftsråd i gang med statleg oppkjøp og avtalar med grunneigarar.

Det er planar om ei offisiell gjenopning av stiane våren 2017.

#### **Rekneskap og budsjett**

2015	Austrheim	Radøy	HFK	SUM eigenandel
<b>Synfaring/møter</b>	21500 (43t)	4144,58 (11t)	27650 (39,5t)	
<b>Admin</b>	3750,- (7,5t)	2825,85 (7,5t)	5250 (7,5t)	
<b>Reiser</b>			1310,25	
<b>Skinn til lavvo</b>		6000,-		
<b>Skjøtselsplan</b>			52.500,- (75t)	
<b>SUM eigenandel</b>	<b>25250</b>	<b>12968,58</b>	<b>86710,25</b>	<b>124.928,83,-</b>

<b>Eigeninnsats 2016</b>		
	<b>Austrheim kommune</b>	<b>Radøy kommune</b>
<b>Møter</b>	<b>(6t) 2400,-</b>	<b>(6t) 2400,-</b>
<b>Reise</b>	<b>(4t) 1600,-</b>	<b>(3t) 1200,-</b>
<b>Administrasjon</b>	<b>(4t) 1600,-</b>	<b>(5t) 2000,-</b>
<b>Synfaring</b>	<b>(5t) 2000,-</b>	
<b>Skjøtselsplan</b>		
<b>SUM</b>	<b>7600,-</b>	<b>5600,-</b>
		<b>SUM      13.200,-</b>

Det meste av Hordaland fylkeskommune sin eigeninnsats i 2016 har gått til tiltak som ikkje er del av det omsøkte prosjektet, til dømes kontrollregistrering, og er difor ikkje rapportert.

Universitetsmuseet i Bergen har òg bistått i dette arbeidet.

#### **Konklusjon**

Arbeid som skal fakturerast av tildelte midlar er nært foreståande, og delar av tilskotet vert truleg utbetalt i 2016. Austrheim og Radøy søker om overføring av tildelte midlar til 2017.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2015	Skjøtsel, tilrettelegging	421.000,-	150.000,-	0,-	150.000,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2016</b>					

I 2016 er det gjennomført møte med dei øvrige grunneigarane i området for å informera om skjøtselsarbeidet og tiltaka som vil gjerast i samband med dette. I 2017 vil Eidfjord kommune gjera tiltak for få fortgang i skjøtselsarbeidet. Det vil verte gjennomført ein skjøtseldag tidleg på året der kommune og fylkeskommune deltek for å gjera eit løft på dei mest tilgrodde delane av feltet.

Det vart i 2015 avgjort å avvente arbeidet med nye skilt til det var gjennomført ei graving på Hæreid i samband med ei doktorgradsavhandling for å kunne formidla eventuell ny framkomen kunnskap. I 2016 vart det gjennomført omfattande utgraving på Lægreid i Eidfjord. I samråd med Universitetsmuseet i Bergen vart det avgjort å venta ytterlegare litt tid med ferdigstilling av skilta til første fase i utgravingane på Lægreid var unnagjort. Det er her funna spor av omfattande aktivitet frå folkevandringstid, noko som er samanfallande med daterte graver frå Hæreidsmoen. Då det er få utgravde graver frå Hæreidsmoen vil det vera spennande å kunna sei noko om busetjinga og andre funn frå området på formidlingsskiltet for gravfeltet. Fyrste fase av utgravinga er ferdigstilt ved utgongen av oktober 2016.



Perler funne i gravrøys på Hæreidsmoen. B 17473 funne på lokalitet med Askeladden ID 215919. Foto: Universitetsmuseet i Bergen

#### Eigeninnsats Hordaland fylkeskommune 2015

Hending	Tidsbruk	Reiseutgift
Møte 6.5.2015	(9t) 6.300,-	1518,30
Synfaring 27.5.2015	(9t) 6.300,-	1518,30
Notat/oppfølging	(7,5t) 5.250,-	
Skiltarbeid	(7,5t) 5.250,-	
<b>SUM</b>	<b>23.100,-</b>	<b>3036,6</b>

#### Eigeninnsats Eidfjord kommune 2015

Synfaring	(12t) 3.600,-
Møter	(60t) 18.000,-
Møte med destinasjon	(5t) 1.500,-
Eidfjord om merking/skilting	
<b>SUM</b>	<b>23.100,-</b>

#### Eigeninnsats Eidfjord kommune 2016

Møter med grunneigarar og HFK samt forarbeid/etterarbeid 20t x 300,- x 3	18.000,-
Kjøp av bildemateriale til skilt	500,-
Forarbeid knytt til bestilling av retningskilt og foto 10t x 300,-	3000,-
Kjøp av retningskilt for merking og info	7000,-
<b>SUM</b>	<b>28.500,-</b>

#### Utført skjøtselsarbeid gbnr 25/9

13.6.2015	8 timer	1600,-
21.6.2015	7 timer	1400,-
19.7.2015	6 timer	1200,-
19.7.2015	4 timer	800,-
10.9.2016	6 timer	1800,-
10.10.2016	7,5 timer	2250,-
11.10.2016	7,5 timer	2250,-
13.10.2016	5 timer	1500,-
14.10.2016	7 timer	2100,-
		<b>14.900,-</b>

Hordaland fylkeskommune har mottatt rapport for utført skjøtselsarbeid.

**Utført skjøtselsarbeid gbnr 25/4****2016****6 timer****1800,-**

Aktør	Eigeninnsats Eidfjord kommune	Skjøtsel (utbetalt gjennom BARK)	Utbetalt tilskot til Eidfjord kommune
<b>2015</b>	23.100,-	5000,-	0,-
<b>2016</b>	28.500,-	11.700,-	23.100,-
<b>SUM</b>	51.600,-	16.700,-	
<b>Rest</b>			

Ved ein feil vart det betalt ut for stort tilskot til Eidfjord kommune ved spørsmål om delutbetaling i 2016. Hordaland fylkeskommune har avgjort å la mellomlegget beløpet stå hjå kommunen som eit forsok for å gjera det enklare for Eidfjord kommune å betala ut til grunneigarane fortløpande.

**Vegen vidare**

Ein vil ferdigstilla skilta vinteren 2016/2017, slik at desse kan setjast opp på vårparten 2017. Gjennomføring av skjøtselsdag vil spora til auka innsats på dette feltet. Merking av kulturløypa er bestilt, og vil vera på plass i løpet av våren.

**Konklusjon**

Eidfjord kommune ynskjer å overføra tilskotet til 2017. Det er tatt avgjerd på kva type skiltstav som skal nyttast, og så snøgt ny, revidert skilttekst er utarbeidd i lys av nye funn frå dei nye utgravingane i området, vil skilta verte bestilt. Det vil skje stor framgang i prosjektet i 2017.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2015	Skjøtsel, skilt,plan	65.000,-	10.000,-	0,-	10.000,-
2016			20.000,-	0,-	20.000,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2016</b>					

I 2016 er det utført tilleggsregistreringar for å avklara tilkomsten til kulturminnet. I samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen er det gjort ytterlegare dokumentasjon av tuftene ved hjelp av drone og fotogrammetri. Dette dannar eit godt utgangspunkt for miljøovervaking og vil òg vera til hjelp med tanke på formidling.

Det er ferdigstilt eit utkast til skjøtselsplan, og 25.oktober 2016 vart det halde møte mellom fylkeskommune, kommune og grunneigarane for å drøfta utkastet. Dersom det ikkje kjem merknader vert planen vedteken slik denne ligg føre i løpet av november 2016. Fjell kommune har i 2016 gjort seg ytterlegare tankar om kva formidling som er best eigna i området, og har avgjort at det beste er ein kombinasjon av digital formidling og skilt.

Fjell kommune har bedt om utbetaling av midlar tildelt i 2015 på grunnlag av utført eigenandel og på grunn av kjente utgifter som vert fakturert i løpet av 2016. Hordaland fylkeskommune har godkjent forskotet på grunnlag av utførleg rapport frå kommunen, og at det er gitt klårt greie for kva midla skal nyttast til.

### Arbeidet vidare

Fjell kommune har omfattande planar om rydding av eit større område kring Høybøen, og vil truleg sokja tilleggsmidlar om dette. Målet er å svi av lyng vinteren 2016/17, og å setje opp skilt våren 2017. Grunneigarane er positive til arbeidet, og Fjell kommune arbeider med å engasjera lokale turlag i arbeidet med å gjera stien ut til området meir framkomeleg og betre merka. Kommunen vil òg arbeida vidare med ein app som saman med skilt skal formidla kulturminna i området.

### Rekneskap og budsjett

Tiltak	BARK	Eigenandel
<b>Skjøtsel 2015</b>		22.400,-
Rådgjeving lyngbrenning	2.500,- (utført)	
Bensin m.m. skjøtsel	1.500,- (utført)	
Hanskar, sakser, m.m.		883,-
Foto til formidling/skilt	6000,- (forskot)	
<b>SUM</b>	<b>10.000,-</b>	<b>23.283,-</b>

Fjell kommune viser i vedlagt rapport til mindre omdisponeringar innanfor oppsett budsjett. Mellom anna har summen til 3D illustrasjon auka med kr. 10.000,- grunna at kommunen no ynskjer ein meir avansert illustrasjon. I finansieringa for søknaden i 2015 var det sett av kr 10.000,- med kommunale midlar. Desse midla vil bli nytta til å dekka den ekstra kostnaden til 3D illustrasjonen.

## Konklusjon

Tilskotet tildelt i 2015, kr 10.000,-, er utbetalt som dels som forskot og skal nyttast i 2016. Tilskot tildelt i 2016, kr. 20.000,-, vert søkt overført til 2017. Då tilskotet for 2015 er utbetalt delvis som forskot er det ikkje sendt EXCEL-skjema for dette prosjektet. Hordaland fylkeskommune har bedt om at kommunen rapporterer inn når tilskotet er nytta, og vil ettersenda EXCEL-skjema til Riksantikvaren når denne informasjonen ligg føre. Skriftleg rapport om framgang og bruk av midlar ligg vedlagt.



Dronefoto av Høybøen etter rydding. Foto: Universitetsmuseet i Bergen

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2015	Tilrettelegging	361.500,-	180.000,-	0,-	180.000,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2016</b>					

Ettersom delar av Hystadmarkjo er regulert til naturreservat må skjøtselsplanen for området godkjennast av vernemynda for reservatet. Tilsvarande er det krav om at den nye skiltinga i tilknyting til naturreservatet må følgja skiltmalen til Miljødirektoratet. Trass i at sjølve skiltmalen er ferdigstilt, er det ikkje tatt ei avgjerd når det gjeld skiltstiv. Då ein ynskjer å fylgja denne malen har prosjektet vorte forsinka. Stord kommune har fått utarbeidd illustrasjonar til dei nye kulturminneskila, og det er gjennomført synfaringar med tanke på plassering av skilta.

Medan dette arbeidet er i prosess har ein likevel tatt til med skjøtsel utanfor naturreservatet. Ei av røysene som vart skjøtsla og skilta ved førre tilrettelegging, Askeladden ID 35508, var no mykje tilgrodd. Det vart difor avgjort å ta til med rydding av denne røysa.

Friluftsrådet gjorde oppstartsarbeid med å fella større tre og fjerna desse frå området.

Deretter vart det gjort dugnad på staden ved Hystad barneskule der Hordaland fylkeskommune var tilstades for å fortelja om kulturminna. Målet er at barneskulen skal gjera årleg vedlikehald av skjøtsel på gravminnet, og nytta kulturminna i Hystadmarka i undervisninga. Tilstand er oppdatert i Askeladden. Det er òg rydda ved gravfeltet ID 55292 for å gjera feltet meir synleg frå eksisterande skilt og frå stien.

Hordaland fylkeskommune har gjennomført tilstandsregistrering på kulturminna i Hystadmarkjo, der del av målet var å sikra at kartfestinga på dei registrerte kulturminna var oppdatert. Det vart oppdaga at ein steinring som tidlegare hadde vore antatt var del av gravfeltet med ID 55292 eigentleg låg noko vekk frå gravfeltet. Steinringen vart lagt inn som eigen lokalitet med 217600. Ved same høve vart det registrert enkeltminnegeometri for gravfeltet.



Elevar ved Hystad Skule i ferd med å klyppa grov lyng og bregne på røysa.  
Foto: HFK



Røysa før og etter ferdig skjøtsel. Særleg var det mykje lyng som var byrja veksa oppover kantane på røysa, og mange små frutre var i ferd med å etablira seg i og i kanten av røysa. Foto: HFK



Skilta gravfelt ID 55292 før rydding. Foto: HFK

### Vegen vidare

Fokuset i prosjektet ligg no på å ferdigstilla revideringa av skilttekstane, slik at skilta kan setjast opp så snøgt det er gjort ei avgjerd om kva skiltstativ som skal vera standard for naturreservat. I tillegg vil det verte prioritert å ferdigstilla skjøtselsplanen og få denne godkjent. Eventuell vidare skjøtsel som krev bruk av motorsag eller anna støyande reiskap vil verte gjennomført i løpet av vinteren.



Skilta gravfelt ID 55292 etter rydding av vegetasjon frå området mellom sti og røys. Foto: Knut Arild Sørensen.

## Rekneskap og budsjett

<b>2015</b>	<b>Stord kommune</b>	<b>HFK</b>	<b>SUM</b>
<b>Reise</b>	(135t)	1959,5,-	
<b>Synfaring</b>	59.400,-	(11t) 7700,-	
<b>Møter</b>		(16,5t) 11550,-	
<b>Admin</b>	(40t) 17.600,-		
<b>SUM 2015</b>	77.000,-	21.209,5,-	<b>98.209,5,-</b>
<b>2016</b>			
<b>Møter, synfaring, reisetid</b>	46.480,-		
<b>Admin</b>	(60t) 26.400,-		
<b>Skjøtsel (Friluftsrådet)</b>	(15t) 7.500,-		
<b>Dugnad skular</b>	6.000,-		
<b>Illustrasjonar</b>	22.500,-		
<b>Arkikon</b>			
<b>SUM 2016</b>	<b>62.400,-</b>		<b>139.400,-</b>

HFK tidsbruk er ikke rapportert for 2016.

## Konklusjon

Prosjektet vert ferdigstilt i 2017. Stord kommune ber om at tildelede tilskotsmidlar vert overført til 2017.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Forprosjekt	149.600,- 224.857,-	74.800,-	74.800,-	0,-

**Prosjektet er ferdigstilt og tilskotet er utbetalt.**

Forprosjektet er ferdig, og har resultert i konkretisering av planar om ein applikasjon for formidling, samt konkretisering av eit opplegg knytt til Den Kulturelle Skulesekken. I tillegg er det gjennomført eit arbeid knytt til fysisk tilrettelegging, og Hordaland fylkeskommune har mottatt rapport frå dette arbeidet. Rapporten kan ettersendast Riksantikvaren dersom det er ynskje om dette. Bømlo kommune vil sjå vidare på ideane som kom fram i dette arbeidet, men vil i fyrste omgang fokusera på formidling og tiltak knytt til DKS. Bømlo kommune er oppteken av eit godt samarbeid med vernemynda i høve til ei eventuell tilrettelegging, og at formidling og tilrettelegging har naturleg samanheng. Hordaland fylkeskommune har invitert Universitetsmuseet i Bergen med på arbeidet med prosjektet for å sikra at vernemynda er samstemte om dei råd som vert gitt til eventuelle planar om fysisk tilrettelegging av kulturminnet.

	Kjøp av konsulenttenester	Eigenandel
Brynjart Stautland (DKS + utvikling av app i perioden 16.06 - 01.07)	19 000,00	
Brynjart Stautland (DKS + utvikling av app i perioden 25.08 - 22.09)	14 344,00	
Brynjart Stautland (Møte med Liestøl, reise + arbeid)	26 858,00	
Leva Urban Design (møter, analyse, konseptutv)	15 437,00	
Leva Urban Design (prosjektutvikling)	74 218,00	
Adm.utgifter knytt til DKS (Hillestveit skule, Meling skule og kommunenivå)		25 000,00
Adm.utgifter knytt til app		10 000,00
Adm.utgifter knytt til fysisk tilrettelegging		15 000,00
Andre kostn (reiser, møter, innkjøp)		15 000,00
IKT utviklingsressurs		10 000,00
SUM	<b>149 857,00</b>	<b>75 000,00</b>

## Konklusjon

Prosjektet er ferdigstilt og tilskotet er utbetalt. Sluttrapport ligg vedlagt. Bømlo kommune vil søkja om BARK midlar for 2017 for å gjennomføra nokre av tiltaka som forprosjektet har peika på.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Tilrettelegging	85.400,-	42.000,-	42.000,-	0,-

**Tilskotet er utbetalt og prosjektet er ferdigstilt.**



Elever ved Rommetveit skule er klare til å ta fatt på vedlikehald av skjøtsel på nausttuft på Rommetveit. Foto: HFK

Kulturminna på Rommetveit vart rydda fram i 2015, og skjøtsel er halde ved like. Det er no sett opp skilt ved kulturminna, og Statsbygg har sett opp ein benk i nærleiken av nausttufta. Stord Sogelag nyttar området til formidling til ulike grupper, og Hordaland fylkeskommune stilte som foredragshaldar på kulturminnevandring i regi av Sogelaget då skilta var satt opp. Rommetveit skule skal no gjera vedlikehald av skjøtsel på kulturminna. Hordaland fylkeskommune var med på oppstart av dette arbeidet og fortalte om kulturminna. Stord kommune har gått til innkjøp av eit klassesett med arbeidshanskar og rotsakser som skulane som gjer skjøtsel på kulturminne i kommunen kan nytta.

Kostnader	
Dugnadsarbeid/fyrste gongs skjøtsel	7200,-
Rydding – Statsbygg	9000,-
Møteverksemd	12.300,-
Administrasjon Stord kommune	20.000,-
Dugnad informasjonsarbeid Sogelaget	7000,-
Illustrasjonar Arklkon	15.000,-
Byrået Design og profilering AS	41.050,-
Foto Universitetsmuseet i Bergen	800,-
Tekst av Bård Gram Økland	1800,-
Grus/fundament	8.500,-
Benk, montering/fastsettning	5.500,-
SUM	<b>128.150,-</b>

Finansiering	
Statsbygg	28.000,-
Tilskot BARK-midlar	42.000,-
Stord kommune	43.950,-
Dugnad	14.200,-
SUM	128.150,-

## Konklusjon

Prosjektet er ferdigstilt og tilskotet er utbetalt. Sluttrapport for prosjektet ligg vedlagt.

# GRAVRØYS

## Burial Cairn

**FUNN FRÅ GRAV**

Det siste året har det vært gjort arkeologiske utgravinger i et gravfelt fra romertiden (0.-400 e.Kr) i Stord kommune. Det ble funnet en stor gravplass på Breivikneset. Den må ha vært godt synlig for del som kom forbi stedet med båt, og forvalte det framdekket at det var ei mektig skle som holdt til her. Steinene til royna har opp gjennom år vore brukt til byggeverksemd. Da dei i 1880 Jra tokstein til Seminariet i dagda der opp oldskaper og roya var arkeologisk undersøkt. Det vart funne to kvennegraver, og troleg har han sittende enda flere graver i roya. Det døde har fått med seg rike graveviner, og dette viser at grava har hørt til ein velstående gard som kunne byta til seg lokalsvaret. I romaråda var det tre store gardområder i Nordhøyda, og éitt av desse hadde Lunde som sentrum. I dag er det meste av grava ryddet vakk, sjeld om staden framleis er freda.

**Graflegging i romer** er ein dikk me kjenner frå slutten av steinalderen og heldt opp til kristendommen vart innført. I romertida (0.-400 e.Kr) vart det bygd ei stor graveplass på Breivikneset. Den må ha vært godt synlig for del som kom forbi stedet med båt, og forvalte det framdekket at det var ei mektig skle som holdt til her. Steinene til royna har opp gjennom år vore brukt til byggeverksemd. Da dei i 1880 Jra tokstein til Seminariet i dagda der opp oldskaper og roya var arkeologisk undersøkt. Det vart funne to kvennegraver, og troleg har han sittende enda flere graver i roya. Det døde har fått med seg rike graveviner, og dette viser at grava har hørt til ein velstående gard som kunne byta til seg lokalsvaret. I romaråda var det tre store gardområder i Nordhøyda, og éitt av desse hadde Lunde som sentrum. I dag er det meste av grava ryddet vakk, sjeld om staden framleis er freda.

**The custom of burring people in cairns is known in Norway from the late stone age and up until the introduction of Christianity. In the Roman period (0.-400 AD) a large burial cairn was constructed here at Breivikneset. The cairn must have been very visible for people travelling by boat, and proclaimed to everyone that the area was settled by a powerful family. Over the years the stones that made up the cairn have been used as building material. In the 1880's prehistoric artefacts were found in the cairn where rocks were removed to construct a pier for the Teachers College. A consequent archaeological excavation showed that the cairn contained two female burials, and that there probably had been several more burials as well. The dead had been buried with expensive grave goods, which indicates that the graves belonged to a wealthy farm that could trade for luxury goods. In the Roman period there were three large farm areas in the Nordhøyda part of Stord. Lunde was the center of one of these areas. Today most of the cairn has been removed, though the area is still protected by the Cultural Heritage Act.**

**NORDBYGDA I ELDRE JERNALDER**

Det siste året har det vært gjort arkeologiske utgravinger i et gravfelt fra romertiden (0.-400 e.Kr) i Stord kommune. Det ble funnet en stor gravplass på Breivikneset. Den må ha vært godt synlig for del som kom forbi stedet med båt, og forvalte det framdekket at det var ei mektig skle som holdt til her. Steinene til royna har opp gjennom år vore brukt til byggeverksemd. Da dei i 1880 Jra tokstein til Seminariet i dagda der opp oldskaper og roya var arkeologisk undersøkt. Det vart funne to kvennegraver, og dette viser at grava har hørt til ein velstående gard som kunne byta til seg lokalsvaret. I romaråda var det tre store gardområder i Nordhøyda, og éitt av desse hadde Lunde som sentrum. I dag er det meste av desse ryddet vakk, sjeld om staden framleis er freda.

**DRAKTSPENNE I BRONSE**

Det siste året har det vært gjort arkeologiske utgravinger i et gravfelt fra romertiden (0.-400 e.Kr) i Stord kommune. Det ble funnet en stor gravplass på Breivikneset. Den må ha vært godt synlig for del som kom forbi stedet med båt, og forvalte det framdekket at det var ei mektig skle som holdt til her. Steinene til royna har opp gjennom år vore brukt til byggeverksemd. Da dei i 1880 Jra tokstein til Seminariet i dagda der opp oldskaper og roya var arkeologisk undersøkt. Det vart funne to kvennegraver, og dette viser at grava har hørt til ein velstående gard som kunne byta til seg lokalsvaret. I romaråda var det tre store gardområder i Nordhøyda, og éitt av desse hadde Lunde som sentrum. I dag er det meste av desse ryddet vakk, sjeld om staden framleis er freda.

**Original krusjærle**

**Krusjærle**

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Tilrettelegging	125.100 178.000,-	62.550,- 89.000,-	50.000,-	39.000,-

Kr 26.450,- er godkjent omdisponert til prosjektet frå prosjekt Hesjabakk. Delar av tilskotet er utbetalt, resten vert søkt overført til 2017

Prosjektet vart meir kostnadskrevjande enn venta, og Odda kommune søkte difor om omdisponering av midlar kr 26.450,- frå prosjekt Hesjabakk. Totalt prosjektilskot vert då kr 89.000,- som utgjer 50% av revidert totalkostnad for prosjektet. Auke i prosjektkostnad kjem av at skilta vart dyrare enn antatt, og at kostnaden knytt til skjøtsel vart meir omfattande enn venta.

Det er utarbeidd skjøtselsplan og skjøtselsavtale for prosjektet. Plan og avtale er sendt til godkjenning av kommune og grunneigar. Hordaland fylkeskommune har gjort kontroll av geometri i samband med arbeidet. Det er produsert ei stor og to mindre skilttavler som skal setjast opp i november 2016. Det er starta opp skjøtsel for området, og arbeidet med prosjektet vil verte ferdigstilt i løpet av 2016.



	Fakturerte utgifter	Kostnad	Ikkje fakturert/eigenandel	Kostnad
	Illustrasjon	6000,-	Synfaring, prosjektering, tekst, admin, med meir	45.000,- (90timar à 500)
	Grafisk utforming	14.000,-	Reise og andre utgifter	5000,-
	Skiltstativ	12.950,-		
	Skiltstav A3	460,-		
	Skilt	3950,-		
<b>SUM</b>		<b>37.360,-</b>		<b>50.000,-</b>

## Konklusjon

Tilskotet er delvis utbetalt og rest av tilskotet vert utbetalt i 2016. Sluttrapport for prosjektet vert ettersendt innan utgongen av 2016.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Tilrettelegging	58.300,-	29.150,-	29.150,-	0,-

Prosjektet er ferdigstilt og tilskotet er utbetalt.

Det er utarbeidd ein skjøtselsplan for prosjektet. Skilttavla for kulturminnet er ferdigstilt, og stativ er innkjøpt. Odda kommune vil setje opp skiltet i løpet av kort tid. Skjøtsel av gravrøysa vert utført oktober/november 2016. Odda kommune har elles gjort eit arbeid med å leggje til rette friområdet ved røysa, slik at området samla står fram som meir attraktivt.

## Konklusjon

Tilskotet er utbetalt, og prosjektet vert ferdigstilt i 2016. Tilskotet er utbetalt med bakgrunn i mellombels rekneskap, der 50% eigenandel er oppfylt. Sluttrapport vert ettersendt innan utgongen av 2016.



	Fakturerte utgifter	Kostnad	Ikkje fakturert /eigenandel	Kostnad
	Illustrasjon skilt	6000,-	Synfaring, prosjektering, tekst, admin, med meir.	27.500,- (55 timer à 500)
	Bruksrett illustrasjon	500,-	Reise og andre utgifter	5000,-
	Grafisk utforming	7000,-		
	Stativ	12.900,-		
	Trykk av skilt	3350,-		
<b>SUM</b>		<b>29.750,-</b>		<b>32.500,-</b>

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Skjøtsel	28.000,-	12.000,-	0,-	12.000,-
<b>Tilskotet vert søkt overført til 2017</b>					

Det omsøkte prosjektet er skjøtsel av gravfeltet på Årbakka. Feltet er tidlegare tilrettelagt med informasjonsskilt som fortel om kulturminna. Området er midlertidig freda, og endeleg freding er under arbeid.

Gravfeltet på Årbakka var ikkje registrert med enkeltminnegeometri i Askeladden då prosjektet fekk tilsegn om tilskot. Hordaland fylkeskommune har gjort eit større arbeid for å få kontroll over dei gamle registreringane på denne lokaliteten. Dette har diverre ført til at prosjektstart har vorte utsett, og at arbeidet ikkje let seg ferdigstille i 2016. Skjøtselsplanen for lokaliteten vart ferdigstilt og sendt ut til grunneigarane medio oktober 2016, og arbeidet vil ta til så snart det kjem tilbakemelding frå grunneigarane. Alle dei synlege kulturminna på lokaliteten er målt inn på nytt med GPS med CPOS. Nokre av enkeltminna er ikkje synlege på markoverflata, og desse er gitt geometri på grunnlag av flyfoto frå ulike periodar, georeferering av gamle registreringskart og opne LIDAR-data for området. Arbeidet har ført til at ein no har mykje større oversikt over dei ulike enkeltminna og tilstanden til lokaliteten, noko som vil vera til nytte i arbeidet med skjøtsel og gje større tryggleik når det gjeld å vurdera kva tiltak som kan gjennomførast utan å føre til fare for skade på kulturminna.

### Konklusjon

Tysnes kommune ber om overføring av dei tildelte midla til 2017.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Tilrettelegging	72.125,-	36.000,-	0,-	36.000,-
<b>Tilskotet vert søkt overført til 2017</b>					

Prosjektet omhandlar formidling av utgravne og kjende lokalitetar i Leirvik i Meland kommune. Her er fleire buplassar frå yngre steinalder og busetjingsspor frå yngre jernalder. Det omsøkte tiltaket er å utarbeide ei informasjonstavle som fortel om funna i området, og skal vera særleg retta mot born og unge. Tavla skal stå lett synleg ved golfbana på ein stad der publikum parkerer for å gå tur i området eller spela golf.

### Konklusjon

Meland kommune viser til redusert kapasitet ved kulturtenesta i 2016, og at det difor ikkje har vore høve til å ferdigstilla prosjektet i 2016 som planlagt. Kommunen ber difor om overføring av tildelte midlar til 2017.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Tilrettelegging	36.000,-	18.500,-	0,-	18.500,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2017</b>					

Bygdeborga på Børshovda er eit mykje nytta turmål, og Sveio kommune ynskjer å synleggjera kulturminneverdiane for dei som allereie nyttar området. Det omsøkte tiltaket er oppsetjing av ei informasjonstavle som fortel om kulturminnet.

Sveio kommune har grunna mange andre planlagte oppgåver ikkje hatt høve til å ferdigstilla prosjektet i 2016 som planlagt. Kommunen ynskjer å forskyve framdriftsplanen som vart oppgitt i søknaden med eitt år, og vil gjennomføra arbeidet i 2017.

### Konklusjon

Sveio kommune ber om at midla vert overført til 2017.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Tilrettelegging	38.000,-	19.000,-	0,-	19.000,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2017</b>					

Kulturminna på Istertveit litt i tilknyting til ein eksisterande tursti, og Sveio kommune ynskjer å formidla kulturminna til brukarane av området. Prosjektet er sett i samanheng med ny merking av turstien, noko som truleg vil føra til auka bruk. Formidling av kulturminna vil dermed òg fungera som eit sikringstiltak.

Sveio kommune har grunna mange andre planlagte oppgåver ikkje hatt høve til å ferdigstilla prosjektet i 2016 som planlagt. Kommunen ynskjer å forskyve framdriftsplanen som vart oppgitt i søknaden med eitt år, og vil gjennomføra arbeidet i 2017.

### Konklusjon

Sveio kommune ber om at midla vert overført til 2017.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Tilrettelegging	750.000,-	350.000,-	0,-	350.000,-
<b>Tilskotet vert søkt videreført til 2017</b>					

Som førebuing av arbeidet med tilrettelegging av gravhaugen «Kongshaugen» vart det gjort ny oppgåing av eigedomsgrensene ved kulturminnet. Det viste seg då at justeringa av grensene førte til nokre utfordringar i høve til tilstøytande grunneigarar. Det må difor utarbeidast eit nytt framlegg til utbetra tilkomst for å sikra at tiltaket ikkje går ut over grensene til kommunen sin eigedom. Dette arbeidet pågår no, og Riksantikvaren vil verte halde informert om denne prosessen for å sikra at tiltaka er innanfor tildelingskriteria for tilskotet.

### Konklusjon

Lindås kommune ynskjer å gjera alt arbeidet samla, og ber difor om å få overført heile tilskotet til 2017.

**Tilrettelegging Ruskeneshellaren, Bergen****ID 25782**

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2014	Tilrettelegging		25.000,-	0,-	25.000,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2017</b>					

Det har ikkje vore framgong i reguleringsplanen for området, og prosjektet er difor ikkje gått vidare med. Ein har likevel framleis von om at prosjektet kan gjennomførast på ein god måte.

**Tilrettelegging Kongshaugen på Hop****ID 91779**

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2013	Tilrettelegging		25.000,-	0,-	25.000,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2017</b>					

Prosjektet er ikkje gjennomført, men dialogen med Askøy kommune er etablert og prosjektet er ynskt gjennomført av kommunen.

**Tilrettelegging Kolltveit****ID 127360 m.fl**

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2013	Tilrettelegging		25.000,-	0,-	25.000,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2017</b>					

Grunna planprosess for Rv 555 Sotrasambandet har dette prosjektet vorte avventa. Det var usikkert om planen ville koma i konflikt med lokalitetane, og ein har avventa ei avklaring av dette før ein søker ferdigstilla prosjektet.

**Prosjekt som utgår****Kolgorper på Hesjabakk****ID 174360 m.fl**

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Overført	Rest
2016	Tilrettelegging	125.100,-	62.550,-	26.450,-	36.100,-
<b>Tilskotet er dels godkjent overført til Tjørndalshaugen. Resten av tilskotet vert avslått og går attende til Riksantikvaren</b>					

Etter at tilsegn om tilskot var motteken vart det kjent at dei aktuelle kulturminna ligg innanfor området til mogleg framtidig utviding av veg. Det vil i tilfelle truleg vera aktuelt å grava ut kulturminna, og i alle høve vil området og tilkomsten verte mykje endra. Prosjektet vart difor lagt på is, jamfør e-post til Riksantikvaren av 23.02.2016 med informasjon om dette. Då prosjektet bygdeborg på Tjørndalshaugen viste seg å vera noko meir konstnadskrevjande enn venta såkte Odda kommune om overføring av midlar mellom prosjekta. Det resterande tilskotet vert avslått og midla går attende til Riksantikvaren.

## Oppsummering

---

BARK	Prosjekt	ID	Tilskot	Utbetalt	Rest	Søknad om vidareføring av midlar til 2017	Merknad
2013	Kongshaugen	91779	25.000,-	0,-	25.000,-	JA	
2013	Kolltveit	127360 m.fl	25.000,-	0,-	25.000,-	JA	Avventar reg.plan
2014	Ruskeneshellaren	25782	25.000,-	0,-	25.000,-	JA	Avventar reg.plan
2015	Fosnstraumen	Fleire ID-nr	110.000, -	0,-	110.000, -	JA	
2015	Hæreidsmoen	110228	150.000, -	23.100,-	126.900, -	JA	
2015	Vindenes I	64065 m.fl	10.000,-	10.000,-	0,-	-	Delrapport ligg vedlagt
2015	Hystadmarkjo	35508 m.fl	180.000, -	0,-	180.000, -	JA	
2016	Munketreppene I & II	Del av 108377	318.300, -	318.300, -	0,-	-	Sluttrapport og rekneskap er vedlagt
2016	Rommetveit	15870, 45542	42.000,-	42.000,-	0,-	-	Sluttrapport og rekneskap er vedlagt
2016	Håkonshaugen	66400	350.000, -	0,-	350.000, -	JA	
2016	Årbakka	35534	12.000,-	0,-	12.000,-	JA	
2016	Sokkamyro	66745	74.800,-	74.800,-	0,-	-	Sluttrapport og rekneskap vedlagt.
2016	Leirvik	108033 m.fl	36.000,-	0,-	36.000,-	JA	
2016	Kongshaugen Apold	101894	29.150,-	29.150,-	0,-	-	Sluttrapport og rekneskap vert ettersendt
2016	Vindenes II	64065 m.fl	20.000,-	0,-	20.000,-	JA	
2016	Børshovda	106039	18.500,-	0,-	18.500,-	JA	
2016	Istertveit	106073	19.000,-	0,-	19.000,-	JA	
2016	Tjørndalshaugen	101841	62.550,- <b>89.000,-</b>	50.000,-	39.000,-	JA	Kr 26.450,- overført frå Hesjabakk
2016	Hesjabakk	174360 m.fl	62.550,-	Overført Tjørndals haugen 26.450,-	36.100,-	Rest av tilskot vert avslått og går attende til Riksantikvaren	Prosjektet utgår. Kr 26.450,- overført til prosjekt Tjørndalshaugen

Hordaland fylkeskommune har i 2016 som i 2015 brukt mykje tid på å følgja opp kommunane sine initiativ på skjøtselsfronten. Me ser ei auka interesse og engasjement for automatisk freda kulturminne, og har eit godt og aktivt samarbeid med kommunane. Samstundes legg Hordaland fylkeskommune vekt på høg fagleg standard ved alle skjøtselsprosjekta gjennom å gjennomføra kontrollregistreringar og nye innmålingar av kulturminne i dei tilfella der ein finn i arbeidet med skjøtsel at ein har mangefull kontroll over eldre registreringar. Dette fører til noko ekstraarbeid, men gir positivt utslag i høve til oppdatering av register, avklaring av fare for skade gjennom tilrettelegging av stiar og andre tiltak, og er i nokre tilfelle i tillegg positivt i høve til formidling gjennom å gje meir kunnskap om kulturminna.

Me ber om å få utbetalt tildelt tilskot for 2015 og 2016. Midla er tildelt store prosjekt som går over fleire år, og vil verte nytta i 2017. Me ber om at tidlegare tildelte midlar vert ståande hjå oss, og vil ta for oss desse prosjekta parallelt med større prosjekt for å ferdigstilla dei. Grunna svært mange innkomne søknader om BARK i 2016 var det ikkje ressursar til å ferdigstilla gamle prosjekt parallelt med prosjekt tildelt midlar i 2016. Me ventar imidlertid færre søknader for 2017, og vil då ha kapasitet til å fylgje opp og ferdigstilla eldre prosjekt. Me ber om å få ytterlegare eitt år til å ferdigstilla arbeidet med eldre prosjekt.

Elektroniske skjema for BARK og BERG er vedlagt.